



## **Volda kommune**

Barnevernstenesta

09.11.12

### **Høyringsnotat; Endringar i barnevernslova.**

BLD har sendt ut Høyringsbrev med høyringsfrist 12.11.12. Barnevernstenesta i Volda har lese høyringa, drøfta den i avdelinga og kjem her med sitt innspel. Dei andre barnevernstenestene på Søre Sunnmøre; Herøy, Sande, Vanylven, Hareid, Ørsta og Ulstein har lese vårt innspel og sluttar seg til dette.

Innleiingsvis vil vi sei at vi kjenner oss att i innleiande kapittel si beskriving av dagens situasjon, sjølv om vi frå vårt synspunkt opplever at tilhøvet mellom barnevernstenesta i kommunen og Bufetat er meir komplisert enn det er beskrive her.

#### **Del 2 Oppgåve og finansieringsansvaret**

Når ein les høyringa kan ein få eit inntrykk av at det ligg til grunn ei oppfatning om at kommunene vel til dømes institusjon som tiltak grunna "bekvemmelighetshensyn". Dette kjenner vi ikkje oss eller andre kommunale barnevernstenester att i. Det ligg ei sterk lovpålagt plikt på kommunane til å velje det tiltaket som er best for det einskilde barnet, og vi er bevisste at økonomiske omsyn ikkje skal nyttast som argument for å nytte seg av eller ikkje nytte seg av eit tiltak. Likevel kjenner vi oss urolege for at det med ein større eigendel vil kunne legge eit press på dei kommunale barnevernstenestene om å ikkje nytte seg av institusjon der det kanskje er det rette tiltaket. Slik vi kjenner vår kvardag er det kommunale barnevernet særskilt kostnadsbevisste i det daglege arbeidet og også bevisst det faglege ansvaret som ligg hjå det kommunale barnevernet.

Vi ser at det leggst til grunn eit ynskje om å påverke kommunane til i større grad å rette innsatsen mot førebygging og å utvikle eigne tiltak. Dette er i samsvar med det fokuset det kommunale barnevernet har i dag i høve tidleg intervensjon, og vi er samde i at heimebaserte tiltak bør administrerast av kommunane. Det er der barna bur og tiltaka skal kome til nytte. Det kan her være nyttig (og kanskje heilt nødvendig for å få dette til) med interkommunale "tiltaksbankar" for å sikre at dei som arbeidar med heimebaserte tiltak har eit fagleg miljø og nok variasjon i sin praksis. Barnevernstenestene i kommunane kjenner på at ein er fattige når det gjeld variasjon av heimebaserte tiltak og det er klart at skal kommunane kunne tilby dette må ressursar til dette tilførast kommunane. Barnevernstenestene i kommunane opplever i nemnda og i samarbeid med Bufetat, Bup og andre at det ligg ei forventning om at kommunane skal kunne tilby tiltak som dei fleste i dag ikkje rår over. Det er viktig at ressursar overført til dette vert øyremerka og at det kanskje utarbeidast ei tilråding over kva tiltak som bør kunne tilbydast kommunalt; PMTO. Marte Meo, familierapi, miljøterapi etc.

## Samhandling mellom stat og kommune

Vi kan vanskeleg sjå at departementet sitt forslag skal føre til betra samhandling mellom stat og kommune. Snarare tvert i mot. Vi har lenge opplevd det slik at Bufetat ikkje har forståing for det tunge ansvaret som er pålagt kommunane i høve å ha ansvaret for at det er barnets beste som ligg til grunn for vurderingane. Eit forslag om at staten skal kunne krevje ytterlegare utreiking viser at dei verkeleg ikkje respekterer dette. Vi opplever i dag at Bufetat sine medarbeidarar er sterkt styrt av føringane som vert pålagt dei og at dei ofte i stor grad let dette styre sine vurderingar av kva tiltak som skal nyttast inn i drøftingar omkring det einskilde barnet, medan kommunen må være barnet sin advokat overfor Bufetat. Vi hadde ei von om at denne høyringa skulle klargjere ansvarsforhaldet mellom stat og kommune, i staden er vi meir forvirra.

Vi trur at det som trengst er større fagleg tryggleik hjå dei fagpersonane som møter barn og foreldre der dei bur. Vi ynskjer eit sterkt kompetent kommunalt barnevern, og trur dette er muleg å få til. Dette krev ei satsing på kommunane, for å styrke kompetansen og for å styrke det tverrfaglege samarbeidet. Slik vi opplever det i dag har vi liten nytte av Bufetat fagteam inn i det kvardagslege arbeidet med einskildsaker. Vi tenker at det er behov for å kunne bistå mindre kommunar som får vanskelege saker på sitt bord, men dette kan kanskje ivaretakast av eit interkommunalt "barnevernseksperteam", istaden for statleg fagteam? Det er behov for å kunne løfte saker opp, men det må kunne løftast opp til nokon som kjenner til det kommunale hjelpeapparatet og kva tiltak dei rår over.

Vi ser at når ulike kommunale barnevernstenester kjem saman er det mange felles problemstillingar og mykje ein kunne samarbeide om, og vi kan være betre samtalepartnarar og samarbeidspartnarar på til dømes fagutvikling enn når vi har ei statleg tredjepart. Dette krev likevel at vi har ressursar til å bruke tid til å sette i verk til dømes felles fagutvikling eller rettleiing eller andre ting. I dag har vi nok med å få gjort det daglege arbeidet (og rekk knapt nok det). Med tilførte ressursar trur vi at det er eit stort potensiale i kommunal samhandling. Vi ynskjer velkomen forslaget i høyringa om å vidareføre statens sitt ansvar for kunnskapsoppbygging og kompetanseheving. Barnevernstenestene på Sunnmøre har tatt del i kompetanseløftet som Bufetat Sunnmøre har arrangert, med opplæring i Kvellomalen og leiarutdanning og opplever dette som svært nyttig.

## Kva slags kompetanse/kompetansesystem treng kommunal bv.teneste?

Å forvalte og utøve det ansvaret som Lov om barnevernstenester pålegg kommunane krev høg kompetanse av kvar einskilt som arbeidar i den kommunale barnevernstenesta. Kvart barn og kvar familie er unik og har krav på at deira situasjon vert sett og ivaretatt i samsvar med den kunnskap og dei tiltak som samfunnet i dag kan tilby. Om barnevernstenesta vurderar at eigen kunnskap ikkje er nok til å utrede barnet sin omsorgssituasjon og gjere vurdering av tiltak, har ein ei plikt til å vende seg til den/dei som sit med denne kunnskapen. Å sjå og vurdere når ein sjølv kjem til kort er ein viktig kompetanse. Det er stor tiltaksfattigdom i mange kommunar, likevel er ein i stand til å setje inn endringstiltak i dei ulike familiane fordi ein leiger inn det ein sjølv ikkje har, frå anna hald eller viser til instansar som kan ivareta dette.

Det kan være svært krevjande i ein kommunal kvardag å få tid og ressursar til å halde seg oppdatert fagleg. Det er få barnevernstenester som har høg nok bemanning til at det er mogleg å nytte arbeidstid til å halde seg fagleg oppdatert eller få gode nok ramer til å kunne ta kompetansegivande vidareutdanning. Rettleiing individuelt og i gruppe skulle vore tariffesta for dei som arbeidar i barnevernstenesta. Slik det er i dag er det alt for

mange som ikkje greier å halde ut som tilsette i barnevernstenesta over tid, grunna at det kjennest for belastande personleg og fagleg å stå i så krevjande arbeidsoppgåver utan fagleg og mentalt overskot. Det er viktig å styrke kompetansen til kommunal barnevernsteneste både i grunnutdanninga og ved å skape gode system for rettleiing og vidareutdanning for dei som er tilsett i barnevernstenestene. Det er også på høg tid at ansvaret for det einskilte barnet som ligg på det kommunale barnevernet vert sett og verdsett til dømes i løn. Slik det er i dag gir ein høgare løn til rådgivarar i Bufetat som ikkje har tilsvarende ansvar for det einskilte barnet.

### **Del 3. Styrka rettsikkerheit for barna i barnevernet**

**Forsvarlege tenester** Vi helsar velkomen ei presisering av krav om forsvarlegheit i Lov om barnevernstenester. I vår kvardag er dette noko som vert halde høgt. Vi tenker vidare at det er viktig at kva som er ei forsvarleg barnevernsteneste vert presisert, då dette kan være vanskeleg å einast om.

**Medverknad** Det vert i høyringa lagt vekt på barns rett til medverknad. Dette er særskild viktig og bør presiserast. Det som seiast om dette i høyringa er ikkje vanskeleg å slutte seg til. Vi er også glade for at det er tenkt at det skal utarbeidast retningslinjer for dette.

**Tillitsperson** Vi kjenner oss usikre på innføringa av omgrepet og funksjonen tillitsperson. Slik vi arbeidar i dag er det som regel slik at vi legg til rette for at barnet har nokon som dei har tillit til, til stade, i samtalar med barnevernstenesta. Dette kan gjerne presiserast i lova, men vi undrar oss over kva rolla til denne personen skal vere. I høyringsdokumentet vert det sagt at denne personen ikkje skal ha ei formell rolle, at barnevernstenesta ikkje skal ha plikt til å finne eller godkjenne tillitspersonen, men at den i nokre tilfeller kan påleggast teieplikt og skal levere politiattest. Det skal også gjerast vurderingar av om personen er eigna. Dette verkar sjølvmotsejande og kan skape forvirring. Korleis skal dette kvalitetsikrast, er det barna eller foreldra som skal finne fram til denne personen og korleis sikrar ein at dette er ein person som ser barnet sin situasjon? Kan ei presisering av dette i lova utan meir klargjering føre til forvirring og meirarbeid i ei barnevernsteneste som er overarbeidd?

**Omgrep i barnevernet** Vedkomande bruken av omgrep i barnevernslova er det flott at ein har lytta til mellom anna barnevernsproffane i denne samanheng. Vi er samde i at det er viktig å være bevisste på kva omgrep ein nyttar. Vi ser gjerne at fosterheim vert til omsorgsheim, og at tilsyn vert erstatta med tillit. I vår kommune nyttar ein omgrepet besøksheim i staden for avlastningsheim. Vi er også samde i at omgrepet barn med atferdsvanskar kan være misvisande overfor barn som viser ein reaksjon på krevjande livsbetingelsar. Vi er samde i at barn ikkje er ei sak og vil gjerne ha ein anna stillingsbenemning enn sakshandsamar. Til dømes rådgivar kan være ei god erstatning. Å innføre omgrepet heim i staden for institusjon er også greitt.

**Hjelpetiltak** Ei endring av ordlyden i § 4-4 vil være i samsvar med dagens praksis i den kommunale barnevernstenesta. Det er eit auka medvit i høve å skilje mellom kompenserande tiltak og endringstiltak og ein aukande bruk av endringstiltak. Omgrepet strukturendrande tiltak er ikkje eit omgrep vi nyttar. Vi opplever det som nyttig at høyringsnotatet presiserar NAV sitt ansvar for å ivareta barn som veks opp i lavinntekstfamilier. Vi opplever at barnevernstenesta i stor grad må bidra økonomisk i barnefamilier grunna at dei ikkje får naudsynt hjelp i andre hjelpeinstansar, då særleg

NAV. Ei endringa v barnevernlova her, bør kanskje følgjast opp med ei presisering i det lovverket NAV forhold seg til?

**Institusjonar med behandlingsheimar** Vi er positive til at ein vil heimle i lov behandlingsheimar som tiltak etter §§4-24/4-26. Det som då er viktig er at heimen er tett knytta opp mot ein godkjend institusjon.

**Barn under varetekt** Det er godt at ein i høyringa ynskjer å styrke barnevernstenesta si rolle i høve desse barna. Vi kjenner oss usikre på spørsmålet om det er opphaldskommunen eller heimekommunen til barnet som skal følgje opp. Vi meiner at det er viktig at dette er klart, men ser også at det her kan vere mest rett med eit tett samarbeid mellom kommunane og at dette må regulerast tydeleg slik at ungdomen ikkje opplever at begge kommunane kan vri seg unna sitt ansvar.

**Samvær mellom sysken** Vi er positive til at det kjem ei eiga slutning om syskensamvær og at fylkesnemnda skal kunne fastsetje dette. Vi vil peike på at det her bør opnast for at barnevernsleiar kan fatte vedtak om slikt samvær utan nemndsbehandling om spørsmålet kjem opp i etterkant av vedtaket om omsorgsovertaking. Vi er også opptekne av at det her bør være muleg å innskrenke retten til samvær utan nemndsbehandling. Vår erfaring er at det kan være ressurskrevjande å følgje opp syskensamvær og at dei ulike syskena til ei kvar tid har ulike behov som skal ivaretakast, då er det viktig at barnevernstenesta har mulighet for å regulere samværet etter kva som er best for det einskilde barnet og at om ein må i nemnda for å innskrenke dette vil det kunne bli ressurskrevjande for både barnevernstenesta og nemnda.

**Oppfølging etter omsorgsovertaking** Vår oppfatning er at det i dag ligg i lova, eit sterkt ansvar på barnevernstenesta om å følgje opp barn etter omsorgsovertaking og at dette ligg den kommunale barnevernstenesta tungt på hjartet. Grunnen til at dette i nokre tilfeller ikkje vert utøvd etter hensikta er i stor grad ressursmangel i den kommunale barnevernstenesta. I den stramme kvardagen i kommunal barnevernsteneste vert det gjort strenge prioriteringar. Då vil ein nok kunne kome i skade for å prioritere arbeidet med barn i undersøkingsfasa, der situasjonen er uavklart, framfor barn til dømes i fosterheim, som er ivaretekne i kvardagen. Dette skuldast ikkje lemfeldige haldningar, men rett og slett eit kvardag som ikkje "går opp". Det viktigaste virkemiddelet for å oppnå betre oppfølging av barn i fosterheim er at tilsette i barnevernstenesta vert i jobben sin over tid. Slik det er i dag med stor turnover, vert ikkje fosterbarn sikra kontinuitet og god kvalitet i oppfølginga.

**Tilsyn og kontroll med barn i fosterhjem** Vi har i lang tid kjent på at dette er eit område som ikkje vert utført godt nok og der det er behov for endringar. Vi ynskjer at dette ansvaret vert lagt på helsetilsynet i fylka og stiller oss undrande til ordninga som vert foreslått at kommunene skal stå for. Vi trur barnet sin rettsikkerheit er mest trygga ved at ein ikkje-kommunal instans har dette ansvaret, og ser for oss at ordninga som vert foreslått fører til risiko for ulik praksis i kommunene.

**Systemrevisjon barnevernsinstitusjonane/ tilsyn m statlige bv,tnst.** Vi er einige i endringane som er foreslått her.

**Opphaldskommunen sitt ansvar for å reise sak** Vi kjenner oss att i at dette er noko som det er behov for å klargjere, men oppfattar det ikkje slik at forslag til lovendring er klargjerande nok.

**Plasseringsstid, § 4-24.** Vi er einige i forslaget om endring, men meiner det er ein føresetnad at berammingstid ikkje overstiger 6 veker og at Bufetat stiller med vedtak i rett tid. Plassering i midlertidig tiltak utan mål og meining i 6 mnd før flytting til rett tiltak er ikkje til barnets beste.

**Frist for å bringe fylkesnemndas vedtak inn for domstolen** Vi er samde i endringa i frist her.

Aina Øyehaug Opsvik  
barnevernleiar